



“Alle reiser er ein omveg heim”
-H. Sørebø




Litteraturdagane i Vinje

23.–25. august 2019

MARIT EIKEMO

(f. 1971) kan sjå tilbake på ei karriere som tidsskriftredaktør, festivalsjef for Litteratursymposiet i Odda, forlagsredaktør og dagleg leiar for Cornerteatret i Bergen. I tillegg har ho imponert både kritikarar og publikum med forfattarskapen sin, og er særleg kjend for sine presise observasjonar av det norske samfunnet og tida me lever i. I 2017 fekk ho Amalie Skram-prisen, og ho var årets festspeldiktar under dei Nynorske festspela 2018. Til Litteraturdagane i Vinje har ho med seg den heilt nye boka si, *Hardanger*, som kjem ut i haust. **Me møter henne under opningshøgtida, i samtale med Ola Bremnes og på Diktarpub fredag.**



Marit Eikemo

Foto: Agnete Brun

OLA BREMNES

(f. 1955) har lang fartstid i det norske kulturlivet. Han byrja den musikalske karrieren sin i duo med veslesyster Kari allereie i 1980. I åra som har gått sidan, har Ola mellom anna skrive ikoniske songar som *Sola*, *Jordmorsang* og *Har du fyr* – og bidrege med tekstar til tallause framsyningar og bøker. No er han aktuell med ei reiseskildring frå den norske kystlinja, kor han som passasjer om bord på Hurtigruta har kome i land på spanande og spesielle stader. Han har med seg både boka og musikken til Litteraturdagane i Vinje. **Me møter han under opningshøgtida og i samtale med Marit Eikemo fredag. Han vil også avslutte festkvelden i Storeguthallen laurdag med ein kritikarrost konsert.**



Ola Bremnes

Foto: Øyvind Arvola

OLAUG NILSSEN

(f. 1977) fekk sitt store gjennombrøt med *Få meg på, for faen* i 2005. Boka braut tabu knytte til ungdom og seksualitet og blei definerande for ein heil generasjon. Sidan den gong har ho skrive bøker i mange sjangrar og markert seg som ei uvanleg og viktig stemme i norsk litteratur. I boka og teaterstykket *Stort og stygt* tematiserer ho det å vere forelder til eit barn som ikkje er som dei andre, for første gong. Med *Tung tids tale* bryt ho igjen tabu, denne gongen med ei uvanleg openheit om det å vere mor til eit sterkt funksjonshemma barn. Tidlegare i år gav Nilssen ut dramaet *Ikkje tenk på det*, ei uhøgtidleg satire i seks scenar om meir eller mindre skuggelagde krikar og krokar i litteraturbransjen. **Me får høyre henne lese og samtale på Raulandsakademiet laurdag.**



Olaug Nilssen

Foto: Bent R. Synnevåg

LINDA EIDE

(f. 1969) har gjennom virket sitt som forfattar, journalist og programleiar i NRK-suksessane *Norsk attraksjon* og Eides språksjov fått eit namn dei aller fleste av oss kjenner godt. Ho har dessutan markert seg som ei viktig, vittig og kyndig nynorskstemme, og for dette har ho motteke fleire prisar. I 2006 blei Linda Eide den første som fekk Regjeringas nynorskpris for journalistar. I 2009 fekk ho Dialektprisen frå Norsk Målungdom. I 2013 blei ho tildelt Målprisen frå Noregs Mållag. Og i 2019 kjem ho til Litteraturdagane i Vinje, for å ta i mot Storegutprisen for bruken sin eit ledig og levande nynorsk i det offentlege rommet. **Det er god grunn til å tru at både takketalen hennar under festkvelden i Storeguthallen og soloframsyninga «Oppdrag Mottro» blir blant høgdepunkta ved Litteraturdagane i år.**



Linda Eide

Foto: Ane Bysheim

Fredag

23. august

12.00–12.45 Raulandsakademiet, Rauland
Opningshøgtid
 Opningstale ved direktør for Kulturrådet Kristin Danielsen. Marit Eikemo og Ola Bremnes medverkar med høgtlesing og musikk.

13.00–13.45 Raulandsakademiet, Rauland
Kulturjournalistikk og kritikk
 Direktør for kulturrådet Kristin Danielsen møter kulturredaktør i Dagbladet Sigrid Hvidsten. Samtaleleiar er Direktør i Nynorsk kultursentrum Per Magnus F. Sandmark.



Kristin Danielsen

foto: Ilja Hendel

14.00–14.45 Raulandsakademiet, Rauland
I nord og vest
 Marit Eikemo og Ola Bremnes er baa aktuelle med bøker om å vera på reise. Hja oss møtest dei for samtale om å reise bort, å koma heim, og å alltid bera med seg staden ein kjem i frå.

15.00–15.45 Raulandsakademiet, Rauland
Halldis
 Konsert med Amund Enger, som har gjeve melodi til fleire av Halldis Moren Vesaas sine dikt. Gjestesongar: Tove Bøygard.



Amund Enger

foto: Josh Bøe

19.00–20.20 Vinjehuset, Åmot
Oppdrag Mottro med Linda Eide
 Linda Eide utforskar fortida og forholdet til mor si i ei varm og morosam soloframsying.

21.00–23.30 Vinje Bryggeri, Bøgrend
Diktarpub
 Uformell pubkveld med humor og musikk, leia av Odd Nordstoga.

Laurdag

24. august

10.00–10.45 Raulandsakademiet, Rauland
Litteratur som lækjer
 Dr. Thor Magnus Tangerås fortel om korleis ein kan nytte litteratur og samlesing som terapi i møte med livskriser.

11.00–11.45 Raulandsakademiet, Rauland
Reint litterært
 Ved forfattarar Olaug Nilssen (Ikkje tenk på det, 2019), Erlend Nødtvedt (Vestlandet, 2017) og Svanhild Amdal Telnes (Om natta brukar mor dråpeteljar, 2018).



Olaug Nilssen

foto: Bent R. Synnevåg

13.00–13.45 Raulandsakademiet, Rauland
Litteratur som terapi
 Forfattarane Olaug Nilssen og Svanhild Amdal Telnes vil i samtale med forskar Thor Magnus Tangerås undersøke korleis litteratur kan påverke vår mentale helse, både som lesar og diktar. Samtaleleiar er Stefan Brunvatne frå Rehabiliteringssenteret AiR.

14.00–14.45 Raulandsakademiet, Rauland
Vesaas-foredraget: Naturen i Vesaas
Forskar i nordisk litteratur Steinar Gimnes tar oss med på djupdykk i naturen i diktinga til Tarjei Vesaas, med Fuglane og utvalde dikt som døme.

16.00–16.20 Årestoga Raulandsakademiet, Rauland
Men ikkje Maria
Forfattar Erlend Kaasa les frå den heilt nye romanen sin, Men ikkje Maria.

18.00–18.45 Storeguthallen Edland Festkveld
Tarjei Vesaas debutantpris
Olav Vesaas i samtale med debutantprisvinnar av 2018, Lars Svisdal.



Olav Vesaas og Linda Eide

foto: Anne Lognvik

19.30–20.15 Storeguthallen, Edland
Storegutprisen 2019
Utdeling av den gjeve Storegutprisen til årets vinnar: forfattar og journalist Linda Eide.
Arrangør: Medlemslaget Litteraturdagane i Vinje.

20.30–21.30 Storeguthallen, Edland
Ola Bremnes trio
Ein av dei beste og mest etterspurde visekunstnarne i landet set punktum for festkvelden.



Ola Bremnes

foto: Øyvind Arvola

Sundag 25. august

11.00–12.00 Vinje kyrkje, Vinje
Festivalgudsteneste
Gudsteneste med feiring av salmane etter Elias Blix. Arrangør: Vinje sokneråd.

12.30–13.00 Vinje biletgalleri, Smørklepp
Litterær vandring
Bli med på ei litterær vandring frå parkeringa i Smørklepp opp til Vinje biletgalleri.

13.30–14.15 Vinje biletgalleri, Smørklepp
Nødtvedt og Buen
Diktar Erlend Nødtvedt intervjuar den meningsytrande spelemannen Knut Buen.



Erlend Nødtvedt

foto: Oddleiv Apneseth

15.00–16.00 Vinje biletgalleri, Smørklepp
Avslutningskonsert
Knut Buen rundar dagane av med fantastisk felespel.



Knut Buen

foto: Gro Røiland

Overnatting

Raulandsakademiet, Rauland

350 73 292 / raulandsakademiet.no

Rauland høgfjellshotell, Rauland

993 59 000 / visitrauland.no

Groven camping, Åmot

476 46 496 / grovencamping.no


Mjonøy, Vinje

911 48 580 / mjonoy.no

Edland Camping

350 70 208

Kart



Sjå Visitrauland.com og Visithaukeli.org for fleire overnattingsstader og meir info.



Vinje bryggeri

foto: Vinje bryggeri



Raulandsakademiet

foto: Raulandsakademiet

MAT

Kaffi og te er inkludert i billetten på Raulandsakademiet, Rauland. Kaffi, kling og gomme er inkludert i billetten til festkvelden i Storeguthallen, Edland.

Fredag 23. august

- 11.00–12.00 Raulandsakademiet, Rauland
Lunsj kan kjøpast i kafeen
- 16.00–18.30 Raulandsakademiet, Rauland
Middag kan kjøpast i kafeen

Laurdag 24. august

- 11.45–13.00 Raulandsakademiet, Rauland
Lunsj kan kjøpast i kafeen
- 15.00–17.00 Raulandsakademiet, Rauland
Middag kan kjøpast i kafeen
- 18.45–19.30 Storeguthallen, Edland
Kling og gomme inkludert i billett
og pass

Sundag 25. august

- 12.00–13.30 Mjonøy, Vinjesvingen
Lunsj kan kjøpast frå Mjonøy bakeri
- 13.30–16.00 Vinje biletgalleri, Smørklepp
Kaffi, te og kringle kan kjøpast ved
galleriet



Skulebrød frå Mjonøy bakeri

foto: Mjonøy

Billetter

Festivalpass

Inngang på alt..... kr 1600

Diktarfredag

Inngang på Raulandsakademiet fredag 23. kl. 12.00-16.00..... kr 500

«Oppdrag Mottro» med Linda Eide

Vinjehuset, fredag 23. kl 19.00..... kr 390

Diktarlaurdag

Inngang på Raulandsakademiet laurdag 24. kl. 10.00-17.00 kr 500

Festkveld

Inngang på alt i Edland laurdag 24. kl. 18.00-23.00 kr 500

Kjøp festivalpass og billetter på **eBillett.no** og **litteraturdagane.no**

Sjå også **litteraturdagane.no** for skuleprogram, barnehageturné og program på omsorgssenter.

Foto på framside:

Oppe frå venstre:

Ola Bremnes. Foto: Øyvind Arvola

Svanhild Amdal Ternes. Foto: Julie Pike

Olaug Nilssen. Foto: Bent R. Synnevåg

Marit Eikemo. Foto: Agnete Brun

Lars Svisdal. Foto: Paul S. Amundsen

Erlend Nødtvedt. Foto: Elias Dahlen

Linda Eide. Foto: Ane Bysheim



Litteraturdagane i Vinje

Vinje-senteret, Vinjevegen 192, 3891 Vinje

Litteraturdagane.no

@litteraturdagane

#vinjesenteret



Kulturdepartementet



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway